

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.11.2022

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune rår til at Statkraft får konsesjon til alternativ 2 i deira søknad om konsesjon for bygging av Mauranger 2 med overføringer.
2. Vestland fylkeskommune ber NVE sjå utbygginga av Mauranger 2 i samanheng med revisjon av konsesjonsvilkår i Maurangervassdraga.
3. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak i marka.
4. Gravfeltet id. 72967 på Veaneset skal sikrast i anleggsfasen.
5. Fylkeskommunen ber NVE stille vilkår om avbøtande tiltak som foreslått i konsekvensutgreiinga knytt til friluftsliv. Det er og viktig at tiltakshavar har god dialog med lokale turlag og andre interesseorganisasjonar om løysingar som kan redusere dei negative konsekvensane av tiltaket.
6. Med omsyn til friluftsliv er det viktig at massetippen ved Markjelkevatnet får ein god terreggarondering og at det gjerast tiltak for å tilbakeføre området til mest mogleg naturleg tilstand.
7. Vestland fylkeskommune rår til følgjande avbøtande tiltak knytt til vassmiljø:
 - Reinsing av tunellavløpsvatn både for partiklar og restar etter sprengstoff.
 - Auke vassføringa i Austrepollelv i anleggsfasen for å redusere sedimentering og anna miljøskade i elva.
 - Val av alternativ som vil gje minst mogleg forringa miljøtilstand av vassførekostane generelt og Austrepollelv, Markjelkevatnet og Maurangerfjorden spesielt.
 - Utbyggjar må prøve å finne alternative bruksområde for tunnelmassane.
 - Ved eventuell bruk av nonel tennarar ved sprenginga må ein gjera tiltak for å unngå spreiling av plast til naturen.
 - Fiskekartlegging og biologisk vurdering av råka vassførekostar som ikkje har dette bør utførast før tiltaket vert sett i gang.
8. Ved løyve til bygging av Mauranger 2, vil Vestland fylkeskommune vera ein part i diskusjonar med omsyn til alt som påverkar vår rolle knytt til planlegging, bygging, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.